

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø

Tryggheim ungdomsskule

Innholdsliste

INNLEIING	3
OVERORDNA MÅL.....	3
KVA ER KRENKJANDE ORD OG HANDLINGAR?.....	4
PLAN FOR UTVIKLING AV FYSISK OG PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ	4
RUTINAR FOR Å FREMJA EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ, OG FØREBYGGJA MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR	8
PLAN FOR ARBEIDET MED Å OPPDAGA IKKJE TILFREDSSTILLANDE SKULEMILJØ.	11
PLAN FOR ARBEIDET MED Å FØLGE OPP	12
PLAN FOR EVALUERING	14
VEDLEGG 1: INFORMASJON OM SKULEN SITT ARBEID MED SKULEMILJØET/LÆRINGSMILJØET	16
VEDLEGG 2: INFORMASJON TIL ALLE TILSETTE OM AKTIVITETSPLIKTA	18
VEDLEGG 3: AKTIVITETSPLAN.....	21
VEDLEGG 4. EVALUERING AV TILTAK I AKTIVITETSPLAN.....	23
VEDLEGG 5: SKJEMA FOR PERSONALET SI VARSLING TIL LEIAR SOM GJELD KRENKANDE ORD/HANDLINGAR	25
VEDLEGG 6: SKJEMA FOR LEIAR SI REGISTRERING AV MUNNLEGE OG SKRIFTLEGE MELDINGAR.	26

VEDLEGG 7: KARTLEGGING TRIVSEL, KRENKELSAR OG MOBBING	28
VEDLEGG 8. SKJEMA FOR ELEVSAMTALE	30
VEDLEGG 9: SLIK SKAL DU OPPTRE NÅR DU HAR VAKT.....	32
VEDLEGG 10: RUTINE FOR HANDTERING AV KRENKELSAR OG MOBBING	34
VEDLEGG 11: KONFRONTERANDE SAMTALE	38
VEDLEGG 12 REGISTRERING AV VALD/KONFLIKT.....	40
.....	

Innleiing

Tryggheim ungdomsskule er ein kristen friskule. Skulen blir driven etter friskulelova men er og forplikta på opplæringslova § 9-A som handlar om elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø/læringsmiljø, og skulen si plikt til å ta vare på dette. Skulemiljøet skal fremja helse, trivsel og læring. Ordensreglementet tek føre seg elevane sitt læringsmiljø, og brot på dette fører til sanksjonar slik det kjem fram der.

Skulen sin visjon er: «Tryggheim ungdomsskule. Ein skule for LIVET. Omsorg – trivsel – kvalitet.» Me har som mål at Tryggheim ungdomsskule skal vera ein god plass å vera for elevane, kor dei blir møtt med omsorg og respekt. Det skal koma fram i alle møta som dei tilsette har med den einskilde elev. Me ynskjer at det skal vera låg terskel for eleven å ta kontakt med ein tilsett dersom han/ho av ein eller annan grunn ikkje har det greitt på skulen. Det ligg og eit ansvar på kvar tilsett om å ha auge og øyre opne i forhold til elevane sitt læringsmiljø. Det vil krevja meir av dei som har ei omsorgsrolle overfor eleven, f.eks. lærarane, fagarbeidarane, miljøarbeidarane eller leiar. Det er viktig å leggja til grunn barn og unge si oppleving og medverknad som grunnleggjande prinsipp i dette arbeidet.

Overordna mål

Alle elever skal ha eit trygt og godt klasse- og skulemiljø utan mobbing, vald, diskriminering eller trakassering. Ingen skal bli utsett for krenkjande ord eller handlingar!

Dersom dette likevel skjer og ein tilsett blir klar over det, skal det alltid føra til handling som har til hensikt å stoppe denne åtferda.

Kva er krenkjande ord og handlingar?

Krenkjande ord og handlingar er ord eller handlingar som born og unge opplever at råkar han eller hennar verdigheit og integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå eit fellesskap. Både born, unge og vaksne kan krenkja. Krenkjande handlingar kan vera både fysiske, verbale, indirekte og/eller digitale.

Krenkingar blir mobbing når åtferda er gjentatt negativ eller vondsinna.

Det er mobbing når:

- Nokon blir utsett for negative hendingar frå ein eller fleire
- Hendingane skjer over tid
- Det er et ujamnt styrkeforhold mellom han som plagar og den som blir plaga.

Uavhengig av definisjonane av krenkingar og mobbing er det elevane si subjektive oppleving av skulemiljøet som er grunnlaget for at skulen skal ta saka på alvor. Alle elevar og foreldre/føresette skal oppleve at dei blir lytta til, tekne på alvor og får hjelp når dei er i vanskar.

Plan for utvikling av fysisk og psykososialt skulemiljø

- Ved skulestart gjev ein fylgjande informasjon til elevar og foreldre/føresette når det gjeld det fysiske miljø (opplæringslova § 9A-7):

«Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.»

Handlingsplanen ligger på heimesida vår, og det blir opplyst om dette i inntaksbrevet. Opplæringslova §9A er og fast tema på alle foreldremøta om hausten.

- Ved skulestart gjev ein informasjon til elevar og foreldre/føresette om ordensreglementet. Det blir og gitt særskilt informasjon om krenkjande åtferd og det psykososiale skulemiljøet, jfr opplæringslova § 9A-2 - § 9A-6. Det er viktig med informasjon om at foreldre/føresette og elevar har klagerett til Fylkesmannen dersom elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje blir oppfylt. Skulen har eit eige informasjonsskriv til foreldra om skulen sin handlingsplan for trygt og godt skulemiljø. Dette informasjonsskrivet er ein del av handlingsplanen som ligg på heimesida, og det blir opplyst om dette i inntaksbrevet (vedlegg 1. Informasjon om skulen sitt arbeid med skulemiljøet/læringsmiljøet).
- Skulen gjennomfører kvar haust ein periode med miljøskapande aktivitetar og inkludering av nye elevar, jfr. Sosialpedagogisk plan (Personalhandboka og på heimesida).
- Det føregår miljøskapande aktivitetar heile året. Sjå «Sosialpedagogisk plan» som ligger på heimesida. (Vedlegg 12)

- Skulen har eit reglement for elevane sin bruk av PC. Reglementet for PC ligg på heimeside til skulen, og elevane skriv under på at dei forpliktar seg til å fylgja det.
- Det blir gjennomført organiserte elevsamtaler etter oppsett plan. Det er ein formell elevsamtale i starten på kvart semester. Alle tilsette legg vekt på å utvikla god kontakt mellom lærar og elev, og uformelle/spontane elevsamtalar gis prioritet ved behov. Ved å ha desse samtalene kan ein få meir informasjon om elevane sin trivsel, og andre konkrete forhold. Kontaktlæraren bruker skjema for elevsamtale (vedlegg 7. Kartlegging trivsel, krenkelsar og mobbing).
- Saker som handlar om det fysiske miljøet (klasserom, arbeidsplassar, skulegard m.m.) og det psykososiale skolemiljøet blir teke opp i klassens time, av elevrådet og på diverse personalmøte.
- Leiar tek imot og fylgjer opp saker som gjeld det fysiske skulemiljøet.
- Det blir gitt informasjon til alle som arbeider ved skulen om deira plikt til å fylgja med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø og gripe inn mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (vedlegg 2. Informasjon til alle tilsette om aktivitetesplikta). For å kunne kjenna igjen teikn på at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, viser me til vedlegg 2.

- Det gis informasjon til alle som arbeider ved skolen om deira plikt til å varsle leiar dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Leiar skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle (vedlegg 2).

- Det blir gitt informasjon til alle med delegert ansvar for oppfølging av sakar som gjeld skulemiljøet om fylgjande:
 - ❖ Når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, har skulen plikt til å undersøke saka snarast.
 - ❖ Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finns eigna tiltak, sørgja for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.
 - ❖ Skulen skal sørgja for at involverte elevar blir høyrde, og kva som er best for eleven, skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.
 - ❖ Skulen skal laga ein aktivitetsplan når det skal gjerast tiltak i ein sak. Planen skal omfatta:
 - kva for problem tiltaka skal løysa,
 - kva for tiltak skulen har planlagt,
 - når tiltaka skal gjennomførast,
 - kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
 - når tiltaka skal evaluerast (vedlegg 3).
 - ❖ Skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å oppfylla aktivitetsplikta (fylgja med, gripe inn, varsle, undersøkje og setja i verk tiltak etter aktivitetsplan).
 - ❖ Det blir gitt informasjon til alle som arbeider ved skulen om at plikta til å varsle og undersøkje er skjerpa dersom ein som arbeidar på skulen får mistanke eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som

mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vedkomande må straks varsle leiar. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av han som fekk mistanke eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak skal setjast i verk straks (vedlegg 2 og 5).

- Kvart år har ein vernerunde der ein undersøker elevane sitt fysiske skulemiljø. Då går verneombod + resten av AMU + administrasjonsleiar gjennom heile skuleanlegget.
- Informasjon frå all saksbehandling som gjeld fysisk og psykososialt skulemiljø blir teke med i ein årleg rapport til styret og i Årsmeldinga.
- Det blir gjort risikovurdering av skulemiljøet kvart skuleår, både blant servicepersonalet, og blant pedagogisk personalet på skulen.

Rutinar for å fremja eit trygt og godt skulemiljø, og førebyggja mobbing og andre krenkingar

Kartlegging	Når?	Ansvar for oppfølging
Trinnets sosiale miljø er tema på team møta.	Kvar veke	Kontaktlærarane
Klassemiljøundersøkingar fire gonger i året. Resultata tek ein opp på teammøter, fellesmøte og med leiar/inspektør.	To gonger pr semester	Kontaktlærer/leiar
Elevane sitt sosiale miljø, resultata av klassemiljøundersøkingane tek ein opp som tema med elevane.	Fortløpande ved behov	kontaktlærarane

Elevsamtalar minst to gonger i året. Kontaktlærer rapporterer funn til teamet og leiar.	Haust og vår.	Kontaktlærer
Utviklingssamtaler to gonger i året, der elevane svarer på spørsmål om trivsel, krenkelsar og mobbing saman med foreldre/føresette. Kontaktlærer rapporterer funn til teamet og leiar.	Haust og vår	Kontaktlærer
Elevundersøkinga blir gjennomført for alle elever på 8. – 10. trinn. Resultata blir analysert i leiargruppa, på team, i personalet, i elevrådet, i FAU og i styret ved Tryggheim skular.	November, våren	Leiar

Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
Skulen har ein plan med tydelege mål og eit årshjul for arbeidet med skulemiljøet. Planen skal ta utgangspunkt i Tryggheim ungdomsskule sin sosialpedagogiske plan		Leiar
Opplæring og informasjon til alle tilsette om <ul style="list-style-type: none"> • Tryggheim ungdomsskule sitt ordensreglement • Tryggheim ungdomsskule sin «Sosialpedagogisk plan» • Tryggheim ungdomsskule sitt årshjul ang. §9A i Opplæringslova. 	Ved oppstart av nytt skuleår	Leiar/inspektør
Dei tilsette ved skulen drøftar korleis ein kan leggja til rette for/ skapa eit godt skulemiljø	Ved oppstart av nytt skuleår/tema på	Leiar/inspektør

	pedagogisk utviklingsarbeid	
Nye foreldre/føresette blir gjort kjent med ordensreglementet og den sosialpedagogiske planen.	Foreldremøte om hausten	Leiar/inspektør
Alle foreldre/føresette blir gjort kjent med ordensreglementet og Tryggheim ungdomsskule sin sosialpedagogiske plan.	Foreldremøte om hausten	Leiar/inspektør
Alle elever veit kva som kjenneteiknar krenkande åtferd, er godt kjent med innhaldet i den sosialpedagogiske planen, og korleis dei kan melde ifrå om mobbing.	Ved oppstart av nytt skoleår	Kontaktlærer
Tiltak og aktivitetar knyta til elevane sitt skulemiljø blir drøfta i elevrådet.	Fleire gonger i semesteret.	Elevrådskontakten.
Elevundersøkinga blir gjennomgått i leiargruppa, på teama, i personalet, i elevrådet, i FAU og i styret ved Tryggheim skular	Når resultatet føreligg	Leiar/inspektør/ elevrådskontakt
Kontaktlærer rapporterer funn frå utviklingssamtalene. Alle involverte parter drøfter tiltak for oppfølging og evaluering.	Haust og vår	Kontaktlærer/inspektør
<p>Evaluering av skulen sine planar i personalet. Dette gjeld:</p> <ul style="list-style-type: none"> • arbeid med å fremja eit trygt og godt skulemiljø • vakt- og tilsynsordninga • elevsamtalar • individuelt retta arbeid 	<p>Kontinuerleg:</p> <ul style="list-style-type: none"> - i personalet - på trinna 	Leiar/inspektør

<ul style="list-style-type: none"> • førebyggjande arbeid mot mobbing • handtering av mobbing 	<ul style="list-style-type: none"> - i ressursteamet - med PPT 	
Evaluering av skolen sitt arbeid med skulemiljøet i elevrådet	Haust og vår	Leiar/elevrådskontakt
Risikovurdering av elevane sitt skulemiljø.	Haust og vår	Leiar/Inspektør/KFF-KSS ansvarleg

Plan for arbeidet med å oppdaga ikkje tilfredsstillande skulemiljø.

- Elevar som er vitne til eller er bekymra for at medelever blir utsett for mobbing, vald, rasisme eller diskriminering, melder frå til kontaktlærar eller andre dei har tillit til.
- Kontaktlærarane gjennomfører (formelle, regelmessige) elevsamtaler med sine kontaktelever ein gong pr semester der spørsmål om krenkelsar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering blir teke opp.(Vedlegg 8)
- Kontaktlærar gjennomfører utviklingssamtalar med sine elevar og foreldre/føresette ein gong pr semester. Det blir sendt ut kartleggings skjema i forkant (vedlegg 7).
- Ungdomsskulen organiserer aktivitetsvakt i friminutta og har instruks for dei tilsette som utfører aktivitetsvaktene. Dei tilsette som utfører aktivitetsvaktene kjenner instruksjonen (vedlegg 9).
- Dei som arbeider ved skulen melder frå til leiar så snart dei får kjennskap til informasjon om at ein eller fleire elever er utsett for krenkelsar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (vedlegg 5).

- I fyrste semester kvart år tek ein opp Elevundersøkinga (Udir) på alle trinn på ungdomsskulen.
- Dersom det i ulike fora for elevar og/eller foreldre/føresette kjem opp sakar om at elevar er blitt krenka, sørgjer den som leier møtet for at eleven sin kontaktlærer og/eller skulen si leiing blir varsla om krenkinga så snart som mogleg.
- Leiar varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle av krenkelsar.
- Alle som arbeider ved skulen kjenner til at dei har ei skjerpplikt til å varsle og undersøkje dersom vedkomande får mistanke eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vedkomande må då straks varsle leiar. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar bli varsla direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga (sjå vedlegg 2).
- Alle som skriftleg eller munnlege tek kontakt om elevar som opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø, blir registrert på skjema som er utarbeida for slike formål (vedlegg 6).

Plan for arbeidet med å følge opp

Når det er blitt kjent for kontaktlærer og/eller skulen si leiing at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, vil arbeidet med å fylgja opp ein slik sak, bli fylgt opp etter fylgjande plan:

Det er vanlegvis kontaktlærer som fyrst får informasjon om mobbing eller andre krenkelsar som gjeld ein av læraren sine kontaktelevar. Dersom det er slik at det er leiar eller nokon andre tilsette som først får melding

om mobbing/krenkelsar, må desse informera kontaktlærar for den eller dei elevane det gjeld.

Skulen har som utgangspunkt at skolens leiing i samarbeid med kontaktlærar har ansvaret for å fylgja opp saker som gjeld skulemiljøet, og har plikt til å utføre fylgjande (jf. Opplæringslova kap. 9A):

- Når den tilsette får kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, har den tilsette plikt til å undersøkje saken snarast, jf.. «Rutine for handtering av krenkelsar og mobbing» (vedlegg 10). Sjå og vedlegg 9.
- Dersom ein tilsett får mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal den tilsette dokumentera kva som blir gjort i arbeidet med å fylgja opp saka.
- Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal den tilsette i samarbeid med leiar sørgja for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.
- Den tilsette skal i samarbeid med leiar sørgja for at involverte elevar blir høyrd. Det som er best for eleven, skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.
- Den tilsette skal i samarbeid med leiar lage en skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Planen skal omfatta kva for problem tiltaka skal løysa, kva for tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast (vedlegg 3).

Når kontaktlærar har fått informasjon om ein sak som gjeld ein eller fleire av læraren sine kontaktelevar, undersøker kontaktlærar situasjonen og snakkar med involverte elevar. Kontaktlærar varslar leiinga ved skulen når eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Dersom situasjonen blir vurdert slik at det er behov for ein aktivitetsplan (vedlegg 3), blir han utarbeida av leiar. Dette skjer i samarbeid med eleven, foreldre/føresette og kontaktlærer. Kva for tiltak som vil gjelda vidare kjem fram av aktivitetsplanen.

Elevar som krenkjer andre elevar vil bli informert om konsekvensar og eventuelt opptrapping av desse dersom krenkande handlingar ikkje fell bort. Dersom det er nødvendig vil tiltaka bli justerte i aktivitetsplanen.

Kontaktlærer har, i samarbeid med skulen si leing og andre som har hatt ansvar for oppfølginga av tiltaka i aktivitetsplanen, ansvar for å dokumentera det som er gjort i saka og korleis plikta til å fylgja med, gripe inn, varsla, undersøkja og setja i verk tiltak er ivareteke. Leiar har ansvar for at dokumentasjonen blir arkivert forsvarleg.

Plan for evaluering

Skulemiljøet er jamleg tema på Tryggheim ungdomsskule. På teammøta er klassemiljøet i kvar klasse oppe til drøfting. Kvar vår har ein evaluering av skulen sitt arbeid med skulemiljøet i elevrådet, personalet, FAU og i styret ved Tryggheim skular.

Vurderingskriteria er:

- «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring» (jf. Opplæringslova §9A-2).

- «Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering» (jf. Opplæringslova §9A-3 første ledd).
- Andre bestemmingar i Opplæringslova kap. 9A.

Evalueringa blir gjort i eit samarbeid mellom tilsette og leiinga.

Informasjonen som dannar grunnlaget for å evaluera skulen sitt arbeid med skulemiljøet, er dei samla erfaringane personalet har gjort seg. Det som kjem fram i vurderingane vil kunne medføra at ein planlegg og gjennomfører forbetringar.

Vedlegg 1: Informasjon om skulen sitt arbeid med skulemiljøet/læringsmiljøet

Overordna mål:

Alle elevar skal ha eit trygt og godt klasse- og skulemiljø utan mobbing, vald, diskriminering eller trakassering. Ingen skal bli utsette for krenkande ord eller handlingar! Dersom dette likevel skjer og en tilsett blir klar over det, skal det alltid føra til handling som har til hensikt å stoppe denne åtferda.

Tryggheim ungdomsskule er ein kristen friskule som blir driven etter Friskulelova. Me er og forplikta på Opplæringslova § 9 A som handlar om elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø/læringsmiljø, og skulen si plikt til å ivareta dette. Skulemiljøet skal fremja helse, trivsel og læring. Ordensreglementet omhandlar og elevane sitt læringsmiljø, og brot på dette fører til sanksjonar slik det kjem fram der.

Me har som mål at Tryggheim skal vera ein god plass å vera for elevane, kor dei opplever å bli møtt med omsorg og respekt. Det skal koma fram i alle tilsette sine møte med den einskilde elev. Me ynskjer at det skal vera låg terskel for elevane å ta kontakt med ein tilsett dersom han/ho av ein eller annan grunn ikkje har det trygt og godt på skulen.

Skulen arbeider kontinuerleg for å ha eit godt læringsmiljø i klassane og på skulen. Korleis dette skjer kjem fram i vår handlingsplan som ligg på heimesida vår (www.tryggheim.no).

Dersom de som foreldre/føresette har spørsmål til dette eller ynskjer å ta opp situasjonen til dotter/sonen din på skulen er de hjartelag velkomne til å ta kontakt med skulen (tlf.: 51 79 80 70).



Tron-Arild Grødem

Leiar

51 79 80 72 / 988 52 709

Vedlegg 2: Informasjon til alle tilsette om aktivitetsplikta

Innleiing

Ingen former for krenkande ord eller handlingar skal tolererast ved Tryggheim ungdomsskule

Tryggheim ungdomsskule sine definisjonar/klargjeringar av omgrep

Kva inneber aktivitetsplikta?

1. Alle som arbeider ved skulen (kortvarig engasjement, studentar) er pliktig til alltid å **fylgja med på** om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og **gripe inn** mot krenkelsar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Korleis den tilsette skal gripe inn kjem an på situasjonen. I somme tilfelle må elevar skiljast fysisk, ein typisk situasjon er elever som slost. Ein må i slike tilfelle gripe inn forholdsmessig for å ikkje sjølv å krenka elevane fysisk. Dersom ein har måtta bruke fysisk makt, skal dette noterast på skulen sitt skjema og leggst i eleven si mappe.

(Vedlegg 13)

2. **Unntaket** for plikten til å gripe inn er i situasjonar kor den tilsette sitt liv og helse kan stå på spel. I slike situasjonar skal ein henta hjelp, varsle skuleleiinga som igjen varslar politiet.

3. Korleis oppdage at elevar ikkje har det bra?

- gjennom å snakka med elevane
- dei tilsette ser noko eller fangar opp noko i samtaler med andre elevar
- foreldre som tek kontakt fordi dei melder frå om det har skjedd noko på skulen

- eleven fortel om mistriivsel
- endringar i åtferd hjå elevar, eller endringar i klasse- eller skulemiljøet
- nokon elevar blir stille og trekkjer seg tilbake i leik eller deltek ikkje i leik og aktivitetar, mens andre trer tydeleg fram og gir beskjed når ting blir vanskeleg
- endringar i klassar kan vera meir bråk og uro, endringar sosialt og kva for elevar som har lag med kvarandre.

4. Alle som arbeider ved skulen, pliktar **å varsla leiar** dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Eleven sin kontaktlærer skal og varslast.

5. Skulen sitt pedagogiske personell har plikt til **å undersøkje forhold** kor ein har fått **kunnskap om** eller **mistenkjer**, dvs., «får ei kjensle av», at en elev er utsett for krenkande ord eller handlingar, enten av andre elever eller av tilsette. Ein mistanke som ein tilsett har, kan for eksempel koma av at eleven endrar oppførsel – blir meir inneslutta, skulelei, aggressiv, manglar konsentrasjon osv. Dersom den tilsette er i tvil, SKAL han/ho undersøkje saka. Ein kan ikkje gøyma seg bak at ein ikkje veit. Fleire kan vera involvert i undersøkingane, men det **skal alltid gjerast i samarbeid med eleven sin kontaktlærer**. Plikta til å undersøkje trer inn straks den tilsette har fatta mistanke. Den tilsette skal kartleggja realiteten i det han/ho har «fått ei kjensle av». Det kan skje på ulike måtar og gjennom ulike kanalar, avhengig av situasjonen. Dei mest brukte metodane er observasjon og samtaler med eleven og andre elever, andre lærarar eller foreldre/føresette.

6. Når undersøkingane er ferdige og eleven meiner at han/ho er blitt utsett for krenkande ord eller handlingar, eller ein tilsett meiner at eleven er blitt utsett for krenkande ord eller handlingar plikter den tilsette å **varsla leiar ved fyrste anledning**, eventuelt oppdater leiar dersom leiar allereie er kjent med saka og at det blir gjort undersøkingar. Dette gjeld og i dei tilfella kor elevar påstår at dei ikkje har blitt utsett for noko galt, men den tilsette har ei kjensle av at eleven ikkje fortel sanninga.

7. Dersom **nokon som arbeidar ved skulen, krenker elevar eller andre tilsette**, skal det straks gå varsel til skuleleiinga. Dersom ein i skuleleiinga krenker elevar eller tilsette, skal det varslast til styreformannen i styret ved Tryggheim skular. Det er då han eller dei som fekk kjennskap til krenkinga, som skal varsla direkte til styreformannen ved fyrste anledning. Dersom tilsette krenker elevar eller andre tilsette kan dette føra til arbeidsrettslege tiltak overfor den tilsette. Politiet kan bli kontakta, og forholdet kan bli meldt.

8. Dersom **elevar krenker tilsette**, skal dette varslast til skuleleiinga ved fyrste anledning. Elevane vil bli fylgt opp i samsvar med reglane for orden og oppførsel.

Unntatt offentlegheit jfr. Offl.§5a og forvl.§13

Aktivitetsplan jfr opplæringslova kapittel 9A

«Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø»

”Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.»

Skulen vil gjennom ulike tiltak i aktivitetsplanen, og i samarbeid med føresette og elev, arbeide for at eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt.

Planen gjeld for:		
Klasse:	Fødselsdato:	Skule:

Varslinga er motteken:	
Dato:	Mottakar:

Bakgrunn for varslinga/skildring av utfordring:

Informasjon om undersøkingane skulen har gjort:

Nokre tiltak vil vera retta inn mot kartlegging, enkeltelev, grupper og eller klassar/trinn. Eleven sjølv skal medverka. Det er viktig at ein i utforminga av handlingsplanen ser på den/dei som vert utsett, den dei som utøver og heile klassemiljøet.

Tiltak 1	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	

<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

Tiltak 2	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

Tiltak 3	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

Planen er utarbeidd (dato):	Medverkande:
-----------------------------	--------------

Signatur leiar:

Vedlegg 4. Evaluering av tiltak i aktivitetsplan

Unntatt offentlighet jfr. Offl.§5a og forvl.§13

Evaluering av tiltak i aktivitetsplan

Jfr. Opplæringslova kap 9A

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» §9A-2

«Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald til dette kapittelet blir oppfylte. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.» §9A-3 ledd 2

«Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde.» §9A-4 ledd 5

Utfylt skjema fungerer som referat frå møtet.

Elev:	Klasse:	Dato for møte:
Kven deltar på møtet: (Førenamn og etternamn)		

Evaluering av tiltak:

ELEVEN SI VURDERING:

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis opplever eleven situasjonen nå på skulen? ▪ Korleis opplever eleven at tiltaka har fungert? ▪ Eleven sine synspunkt om vidare oppfølging.

FØRESETTE SI VURDERING:

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis opplever føresette situasjonen nå på skulen?
--

- Korleis opplever føresette at tiltaka har fungert?
- Føresette sine synspunkt om vidare oppfølging.

SKULEN SI VURDERING

- Korleis opplever skulen situasjonen nå?
- Korleis opplever skulen at tiltaka har fungert?
- Skulen sine synspunkt om vidare oppfølging.

OPPSUMMERING

Behov for nye tiltak/ vidareføring av tiltak:	Grunngjeving:
Saka blir avslutta:	Grunngjeving:

Eventuelt dato for nytt evalueringsmøte:	
--	--

Signatur skuleleiar:

Vedlegg 5: Skjema for personalet si varsling til leiar som gjeld krenkande ord/handlingar

Eleven opplever seg krenka av:

- En/fleire elever En/fleire tilsette

Dato	Klokkeslett	Time	Friminutt

Namn på involverte elevar og trinn, evt. tilsette	Kva skjedde?	Eventuelle undersøkingar som allereie er gjort før leiar ble varsla:

Dersom du sjølv ikkje var der då det skjedde: Korleis har du blitt merksam på dette? Dersom du evt. har mottatt ei skriftleg melding på dette, legg du denne ved eller sender på mail til leiar.

Skjemaet er levert inn av:

Dato: _____

Vedlegg 6: Skjema for leiar si registrering av munnlege og skriftlege meldingar.

Varsel mottatt frå tilsette, elevar og føresette ang. krenkande ord/handlingar

Tidspunkt for mottak av meldinga:

Dato:	Klokkeslett:
Namn på varslar og rolle (elev/foreldre/føresette/tilsett)	

Meldinga er gitt (sett kryss):

- Munnleg på kontoret, angi evt. møte
- Telefonsamtale SMS E-post eller brev

Eleven opplever seg krenka av:

- Ein/fleire elever
- Ein/fleire tilsette

Namn på involverte elevar og trinn, evt. tilsette	Kva skjedde?	Når skjedde det?	Eventuelle undersøkingar som er gjort før leiar ble varsla

--	--	--	--

Kven undersøker saka?	Kva har undersøkinga vist?	Evaluering av saken

Vedlegg 7: Kartlegging trivsel, krenkelsar og mobbing

Skjema til utfylling før utviklingssamtalen

Før utviklingssamtalane som ein har med elev og foreldre/ føresette, to gonger i året, fyller kvar elev ut skjemaet nedanfor i lag med foreldre/ føresette.

Alle elevar har rett til å ha det trygt og godt på skulen. Det er viktig for oss å veta korleis du har det, derfor spør me om du har blitt krenka eller mobba det siste halve året og om du vil at skulen skal gjera noko for at du skal få det betre på skulen.

- **Krenkelsar er ord eller handlingar som gjer at ein elev blir lei seg eller ikkje har det bra.**
- **Mobbing er gjentatte krenkelsar frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg.**

Dersom du har blitt krenka eller mobba, eller ber om tiltak, skal det meldes til leiar. Leiar skal snarast mogleg undersøkje saka og ta kontakt med foreldre/føresette.

Korleis trivs du på skulen på en skala frå 1 - 6	Eventuelle kommentarar

1. Har du blitt krenka eller mobba det siste halve året?	
2. Har du krenka eller mobba andre det siste halve året?	

3. Pleier du å seia ifrå til vaksne dersom nokon blir krenka eller mobba?	
4. Har du sett nokon bli krenka eller mobba?	






5. Ynskjer du at skulen skal gjera noko for at du skal få det betre på skulen?

Vedlegg 8. Skjema for elevsamtale

1	Når du står opp om morgonen og skal på skulen, kva følelsar har du stort sett då?
2	Et du frukost?
3	På ein skala frå ein til seks, korleis trivst du i klassen? (1 er lite godt – 6 er særst godt)
4	Har du nokon å vera saman med i friminutta?
5	Kva legg du i omgrepet at ein lærar “bryr seg?”
6	På ein skala frå ein til seks, der seks er best, korleis opplever du skuledagen
7	Korleis opplever du skulevegen?
8	På ein skala frå 1-6, kor godt syns du kontaktlæraren tek vare på deg?
9	Tykkjer du at du får den hjelpa du treng i timane?
10	Spør du om hjelp dersom du lurar på noko?
11	Har du plaga eller erta nokre andre elevar?
12	Er det nokon elevar som har plaga eller erta deg dette skuleåret?
13	Er det noko du vil at skulen skal hjelpe deg med?
14	Føler du deg vanlegvis opplagt eller trøyt i timane? Når legg du deg om kvelden?

Vedlegg 9: Slik skal du opptre når du har vakt.

Alle som har vakt på Tryggheim ungdomsskule skal ha på seg gul refleksvest.

Ha tilsyn og gje rettleiing på ein slik måte at du heile tida har oversikt over alle deler av området som du har ansvar for	<p>Bevegelse</p> 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kom i kontakt med så mange elever som mogleg. ○ Beveg deg uforutsigbart. ○ Ver spesielt merksam på konflikt. ○ Ver synleg.
	<p>Skanning</p> 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Sjå og lytt! ○ Auk moglegheitene for positiv samhandling.
Ver positiv og oppmuntrande for å støtte opp om positiv åtferd.	<p>Positiv involvering</p> 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Involver deg ofte. ○ Ver open, venleg og hjelpsam.
	 <p>Oppmuntring</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gi positiv merksemd til positiv åtferd. ○ Gi anerkjenning så fort som mogleg.
Handter problem åtferd på ein konsekvent måte. Bruk milde, rimelege og forutsigbare konsekvensar.	<p>Handtering av problem åtferd</p> 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Korriger åtferd med ein gong ○ Fokuser på den spesifikke åtferda som skal stoppast. ○ Handter problemet så privat som mogleg (på tomannshand.) ○ Ver roleg, bruk enkelt språk.

		<ul style="list-style-type: none">○ Ver venleg og bestemt.○ Stopp argumentasjonar.○ Opptre rettferdig.○ Dersom alvorlege hendingar oppstår skal leiinga varslast så fort som mogleg.○ Ved hendingar der skulen sitt reglement blir brote skal det setjast inn konsekvensar, som for eksempel anmerkingar.
--	--	---

Vedlegg 10: Rutine for handtering av krenkelsar og mobbing

Fase	Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon	Tid
Bekymring	Bekymring/melding knyta til ein elev sitt skulemiljø	Leiar/ inspektør/ kontaktlærer/ tilsett på skulen	Registreringsskjema, vedlegg 6 i “Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø”	Ved kjennskap/ mistanke
Undersøking	Leiar/inspektør/kontaktlærer/sosiallærer undersøker saka	Leiar/ inspektør/ kontaktlærer/ sosiallærer	Eigen logg	Med ein gong
	Samtalar med eleven som blir krenka/mobba Målet med samtalen er å gje støtte og å få informasjon. Du skal sikra at eleven si subjektive oppleving kjem fram (jf.	Leder/ inspektør/ kontaktlærer sosiallærer	Referat	Med ein gong

	<p>Barnekonvensjonen). Understrek at det er ditt ansvar å gjera alt du kan for ein elev som ikkje har det bra. Du vil ikkje vil gje deg før saka er løyst. Gjer avtale om oppfølging.</p>			
	<p>Samtale med føresette til eleven som blir krenka/mobba (same dag som eleven) Gje informasjon om at skulen set i verk undersøkingar og observasjonar knyta til eleven sitt skulemiljø og at de vil samarbeida om tiltak. Gjer avtale om oppfølging.</p>	<p>Leiar/ inspektør/ kontaktlærer/ sosiallærer</p>	<p>Referat, melding om mottatt bekymring</p>	<p>Snarast mogleg</p>
	<p>Samtalar med eleven/elevane som krenker/mobbar. Gjennomfør etter malen «Konfronterande samtale», vedlegg 11. Målet med samtalen er å formidla at</p>	<p>Leiar/ inspektør/ kontaktlærer/ sosiallærer</p>	<p>Referat</p>	<p>Snarast mogleg</p>

	<p>åtfërda skal stoppa med ein gong og å høyra krenkjaren sin versjon. Er det fleire som krenkjar, snakk med dei i rask rekkefølge (ein om gongen), slik at dei ikkje har høve til å snakka saman. Gjer avtale om oppfølging.</p>			
	<p>Samtalar med føresette til eleven/ elevane som krenker/mobbar (same dag som eleven) Gi informasjon om at skulen set i verk undersøkingar og observasjon knyta til elevane sitt skulemiljø og at dei vil samarbeida om tiltak. Gjer avtale om oppfølging.</p>	<p>Leiar/ inspektør/ kontaktlærer/ sosiallærer</p>	Referat	Snarast mogleg
Utforming av tiltak	<p>Leiar/inspektør involverer aktuelle lærarar for intervensjon. Startar med å utarbeide aktivitetsplanen.</p>	<p>Leiar/ inspektør/</p>	Referat og utkast til aktivitetsplan	Snarast

		kontaktlærer Sosiallærer		
	Møte/samtale/korrespondanse på e-post med elev og føresette. Eleven og dei føresette får seia si mening om tiltaka som skal setjast ut i livet	Leiar/ inspektør/	Fylle ut aktivitetsplanen. Vedlegg 3 i “Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø”	Snarast
Setja i verk tiltak	Iverksette tiltak	Kontaktlærer og eventuelt andre	Fylle ut aktivitetsplanen fortløpande.	Snarast
	Faste oppfølgingssamtaler med involverte elever			Snarast
Evaluere tiltak/fylgje opp	Møte med foreldre og elev. I møtet skal aktivitetsplanen evaluerast. Avtal vidare oppfølging.	Leiar/ inspektør/ kontaktlærer/ sosiallærer	Referat. Vedlegg 4 i “Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø”	Ved behov, seinast etter tre veker.

Vedlegg 11: Konfronterande samtale

Samtalen skal gjennomførast med ein og ein elev. Elevane skal ikkje ha anledning til å snakka saman mellom samtalanene

Samtale med den som blir krenka/mobba	Samtale med den som krenkjar/mobbar
⇒ Hent eleven ut frå klassen	⇒ Hent eleven ut frå klassen
⇒ Start med å sei at du veit om mobbinga	⇒ Start med å sei at du veit om mobbinga
⇒ Sei klart og bestemt at dette ikkje er greitt og at dette skal stoppa ⇒ Gje eleven støtte	⇒ Sei klart og bestemt at du og skulen ikkje aksepterar det, at mobbinga skal ta slutt med ein gong og at leiar er informert
⇒ Fortel i grove trekk kva du/skulen skal gjera og at leiar er informert	⇒ Spør om eleven vil sei noko (Lytt. Gå ikkje gå inn i diskusjon)
⇒ Sei at du skal halda eleven oppdatert	⇒ Gjenta at mobbinga skal ta slutt med ein gong.
⇒ Avtal eit nytt møte	⇒ Inviter den som mobbar til samarbeid, f. eks. ved å spørja om han/ho har sett at andre plager den som blir mobba. Dersom ja: spør kva eleven kan bidra med
⇒ Kontakt eleven sine foreldre/føresette	⇒ Avslutt og gå med eleven til klassen

	⇒ Hent ut neste elev
	⇒ Kontakt eleven sine foreldre/føresette

Vedlegg 12 Registrering av vald/konflikt

Hendinga skjedde:..... Frå kl. – til kl.: Ant. lærarar:.....
 Dato/Dag: Ant. episodar: Ant. elevar:.....
 Lærarar Vaktansvarleg: Elevnamn:.....

Kva utløyste situasjonen?	Varselsignal	Ungen sin reaksjon	Skadar/øydelegging	kva skjer med den skadde?	Konsekvens for borna
Ingen observert provokasjon	Ingen observert	Målretta	Ingen	Ingen	Ingen/ignorering
Utløyst av medelev	Fysisk uroleg	Verbal forulemping	Ting:	Ting som må erstattast:	Verbal avleiing
Vaktskifte	Pust (auka/reduert)	Verbal aggresjon m/trussel:			Avleiing
Uro/høgt støynivå	Blikk		Personale	PERSONER	Handleiing/flytting
Usikkert personal	Ansikt	Trussel om fysisk skade:	Elev	Opplevd som trussel/nesten uhell	Roe seg ned ålene
Ny/ukjent situasjon	Kroppslig uttrykk/ sinne		Anna	Fall	Erstatte øydeleggingane
Elev forstår ikkje	Slår/sparkar ting		Seg sjølv	Smerter >10 min	Samtale
Måltid	Verbal uttrykk:	Spytt	Kroppsdelar: (hovud/ ansikt/ auge/ tenner/ hals/ nakke/ rygg/ bryst/ underliv/ arm/ hand/ fot/ indre organ)	Smerter < 10 min	Holding: (stående/sittande/ liggande) Lengde:..... Ant. hjelparar:.....
Påkledning		Hand: (klype/ /klore/dytte)		Synleg skade:	
Grensesetting/utsetting/avvising	Anna:	Slag/Spark/Bitt			
Får for «lite» merksemd		Kasting:	Annet:	Brot	Ansvarleggjering
Anna:		Skalling	FORULEMPET	Førstehjelp	Privilegietap:
		Strupetak/kveling	Namn:	Sjukefråvær:	Tett obs./ fotfylgje
		Slagvåpen/stikkvåpen	Stilling:	Anna:	Tvangsprotokoll
		Anna:	Fast		Anna:

				Vikar		
				Midlertidig		
				Anna:		

Skriv kort ned kva som skjedde:

Underskrift: _____